

Møteprotokoll

Utval	Formannskapet
Møtestad	Rådhuset, møtestart kl. 09.15, etter klagenemnda.
Dato	10.06.2026
Tidspunkt	kl 09:15 - 14:30

Frammøtte	Parti
Oddstein Haugen	AP
Geir Arve Sandvik	H
Jonatan Hurthi	Krf
Andreas Wollnick Wiese	SP
Kjetil Melheim	V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Gunn Beate Thorsnes Lefdal	AP	Jonny Gjerde	AP
Marianne Bugge	SP	Knut Hauge	SP

Andre som møtte:

Kommunedirektør Jon Bolstad, ass. kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen.
Kommunalsjef Knut Åge Teigen i sak 101 og 102, og deler av sak 110.
Kommunalsjef John Olaf Røhme, leiar NAV Renate Loven, leiar flyktningteneste Anne Lene Eggum og rektor Luster vaksenopplæring Linda Brunborg i deler av sak 110.
Økonomisjef Odd Harald Dommersnes i deler av sak 110 og i sak 114.

Underskrifter:

Kjetil Melheim	Geir Arve Sandvik
Andreas Wollnick Wiese ordfører	Jon Bolstad kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel	
92/26	Konstituering av møte	
93/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte	
94/26	Tildeling næringstomt - Røneidsgrandane	
95/26	Søknad om lån frå næringsfondet- kaldtlager og carport - Røneidsgranden 32 AS	
96/26	Kommunedelplan avløp 2026-2036 - Luster kommune	
97/26	Indre Hafslo oppvekstssenter, byggerekneskap	
98/26	Byggerekneskap, nye Hafslo barnehage	
99/26	Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO	
100/26	Avvikling av Marta og Hans O. Vigdals legat	
101/26	Tilstandsrapport for Sogn barnevern 2025	
102/26	Tilstandsrapport for oppvekst Luster kommune 2025	
103/26	Coop Prix Skjolden - Søknad om endring av salsløyve for alkohol	
104/26	Skjenkeløyve - Kafe Motti, Charterbåt	
105/26	Skjenkeløyve - KAFE PYRAMIDEN AS	
106/26	Søknad om mellombels fritak frå offentlege verv på grunn av utanlandsopphald i utdanning	
107/26	Reviderte retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen - Luster kommune	
108/26	Veteranplan for Sognaregionen	
109/26	Kommunesamarbeid	
110/26	Administrative orienteringar	
111/26	Politiske drøftingar og open post	
112/26	Referatsaker	
113/26	Delegerte saker	
114/26	Finansstrategi for Luster kommune	Unnateke offentlegheit
115/26	FV 55 vidare strategi - utbetringstiltak	

92/26 Konstituering av møte

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

- Opprop, forfall Marianne Bugge og Gunn Beate T Lefdal, vara Knut Hauge og Jonny Gjerde.
- Godkjenning av innkalling, ingen merknad.
- Godkjenning av sakliste, med tilleggssak. Ingen merknad.
- Godkjenning av dagsorden, ingen merknad.
- Geir Arve Sandvik og Kjetil Melheim vert føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. Dei vart samrøystes valde.

FSK - 92/26 vedtak

Geir Arve Sandvik og Kjetil Melheim vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

93/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

FSK - 93/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 13.05.26 vert referert utan merknader.

94/26 Tildeling næringstomt - Røneidsgrandane

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 94/26 vedtak

1. Lilly Christensen får tildelt næringstomt på Røneidsgrandane, omlag 1000 m², jamfør utkast til reguleringsendring.
2. Tomta vert tildelt på slike vilkår:
 - a. Før overtaking:
 - i. Tilbodet gjeld i eit år frå vedtaksdato av ny reguleringsplan i kommunestyre.
 - ii. Tildeling av tomt er med atterhald om endeleg vedtak av omregulering.
 - iii. Planlegging før endeleg vedtak av reguleringsendring skjer på Lilly Christensen sin risiko.
 - b. Ved overtaking av tomt:
 - i. Kjøpar betaler alle omkostningar ved realisering av eigedomsoverdraginga
 - ii. Kjøpesummen er fastsett til kr 360 pr. m². Tilknytingsgebyr, oppmålingsgebyr, samt overdragingskostnader må dekkast av kjøpar i samsvar med gjeldande satsar.
 - iii. Arealet skal ryddast før kjøpar overtek arealet .
 - iv. Kjøpar pliktar å halde området ryddig og halde gjerde kring eigedommen om dette vert naudsynt av omsyn til verksemda, eller vert pålagd av Luster kommune.
 - v. Kjøpar må tilpasse seg gjeldande reguleringsplan for området.
 - vi. Dersom kjøpar ikkje har byrja med byggjearbeid innan eit år etter dato for vedtak av reguleringsplan i kommunestyre, har Luster kommune rett til å kjøpe attende tomta for lik kvadratmeterpris som kjøpar betalte. Eventuelle omkostnadar vert ikkje kompensert. Denne retten kan tinglysast.

95/26 Søknad om lån frå næringsfondet- kaldtlager og carport - Røneidsgranden 32 AS

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 95/26 vedtak

Formannskapet gjev Røneidsgranden 32 AS eit næringslån i næringsfondet stort kr 600 000 til kaldtlager og carport. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.

96/26 Kommunedelplan avløp 2026-2036 - Luster kommune

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 96/26 vedtak

Formannskapet har ikkje merknader til endringane som er gjort i planen etter høyringsrunden.

Formannskapet sender kommunedelplan for avløp 2026-2036 over til kommunestyret for endeleg vedtak.

Formannskapet tilrår kommunestyret å gjera slikt vedtak:

I medhald av plan- og bygningsloven § 11-15 vedtek kommunestyret kommunedelplan for avløp 2026-2036, versjon 31.05.26

97/26 Indre Hafslo oppvekstssenter, byggerekneskap

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 97/26 vedtak

1. Kommunestyret godkjenner byggerekneskap for ombygging av Indre Hafslo oppvekstssenter.
2. Meirforbruk på kr. 2.489.154,- blir finansiert av ubrukte lånemidlar

98/26 Byggerekneskap, nye Hafslo barnehage

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 98/26 vedtak

1. Kommunestyret godkjenner byggerekneskap for Nye Hafslo barnehage.
2. Meirforbruk på kr 5.171.910,- vert finansiert av ubrukte lånemidlar.

99/26 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Val til representantskap vert gjort i kommunestyret.

FSK - 99/26 vedtak

Luster kommunestyre vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefellesskap.

----- vert vald som kommunen sin representant i representantskapet for resten av valperioden 23-27.

---- vert vald som personleg vararepresentant i representantskapet for resten av valperioden 23-27.

100/26 Avvikling av Marta og Hans O. Vigdals legat

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Oddstein Haugen gjekk frå som ugild, forvaltningslova § 6 1 ledd nr. e, Haugen er styrleiar i Luster Turlag.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 100/26 vedtak

Marta og Hans O. Vigdals legat vert avvikla i samsvar med legatstyret – Utdanningsforbundet Luster – sitt årsmøtevedtak og ønske.

101/26 Tilstandsrapport for Sogn barnevern 2025

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 101/26 vedtak

Kommunestyret tek Sogn barnevern sin tilstandsrapport for 2025 til vitande.

102/26 Tilstandsrapport for oppvekst Luster kommune 2025

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 102/26 vedtak

Kommunestyret tek tilstandsrapport for Oppvekst 2025 til vitande.

103/26 Coop Prix Skjolden - Søknad om endring av salsløyve for alkohol

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 103/26 vedtak

Coop Prix Skjolden, med organisasjonsnummer 942 763 654 (COOP NORDVEST SA), får løyve til å selje alkohol i gruppe 1 frå ubemanna lokale ved hjelp av Coop Norge sin tekniske løysing for sal av alkoholholdig drikke i digitalt bemanna opningstid.

Coop Prix Skjolden er ansvarleg for at løyvet vert utøvd på ein slik måte at vilkåra som er nemnde i alkohollova og føreskrifter til ei kvar tid er oppfølgt.

Sal av alkoholholdig drikk skal skje innanfor den salstida som tidlegare er fastsett.

Salsløyvet gjeld til 19. mars 2030

104/26 Skjenkeløyve - Kafe Motti, Charterbåt

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 104/26 vedtak

1. Kafe Motti v/Stein Næss, org. nr. 947 120 786, får innvilga skjenkeløyve for charterbåt (Axopar 38 XC)
2. Skjenkeløyvet gjeld i kabin innandørs og gjeld for alkoholhaldig drikke i gruppe 1 og 2. Utandørs gjeld løyvet ute på dekk.
3. Skjenketida inne for alkoholhaldig drikke i gruppe 1 og 2 er frå kl. 09.00 til 01.30. Ute skal all skjenking vera avslutta kl. 23.00.
4. Skjenkestyrar er Øystein Magnus Grødem Tveit og reservestyrar er Elise Berg Hustveit.
5. Villkår for skjenkeløyvet at det ligg føre godkjent serveringsløyve på charterbåten.
6. Skjenkeløyvet gjeld til 19. mars 2030

105/26 Skjenkeløyve - KAFE PYRAMIDEN AS

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 105/26 vedtak

1. Kafe Pyramiden AS, med org.nr. 934747518, får innvilga skjenkeløyve for kafeen på Pyramiden
2. Skjenkeløyvet gjeld innandørs i spiseområde (220 m2) og gjeld for alkoholhaldig drikke i gruppe 1 og 2.
3. Skjenketida inne for alkoholhaldig drikke i gruppe 1 og 2 er frå kl. 09.00 til 01.30.
4. Skjenkestyrar er Ole Jonny Uthus og reservestyrar er Terje Teigen.
5. Skjenkeløyvet gjeld til 19. mars 2030

106/26 Søknad om mellombels fritak frå offentlege verv på grunn av utanlandsopphald i utdanning

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.
Val vert gjort i kommunestyret.

FSK - 106/26 vedtak

Kommunestyret vedtek at Helene Selland får mellombels fritak frå følgjande verv i perioden 1. september - 1. desember 2026 på grunn av utanlandsopphald i utdanning:

- kommunestyrerepresentant
- personleg vara for Liv Endresen i representantskapen i Sognarådet IPR
- 2.varaobservatør i ungdommen sitt kommunestyre
- 4.vara til formannskapet

Kommunestyret vel som personleg vara for Liv Endresen i representantskapen i Sognarådet IPR i perioden 1. september - 1. desember 2026.

107/26 Reviderte retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen - Luster kommune

Administrasjonsutvalet si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek "Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold", slik dei er lagde fram i vedlegg 1 datert 5.5.2026.
2. Retningslinjene trer i kraft straks og erstattar tidlegare rutinar.
3. Retningslinjene skal gjerast lett tilgjengelege på kommunen sitt intranett og i kvalitetssystemet.

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Endring pkt. 7 Varsling på kommunedirektør, foreslått av Andreas Wollnick Wiese, Senterpartiet

Endring pkt. 7 frå:

Når eit varsel gjeld kommunedirektøren, skal det behandlast av politisk nivå. Varsling kan då rettast til ordførar eller det politiske arbeidsgjevarutvalet, som fungerer som kommunens varslingsmottak for slike saker. Det politiske arbeidsgjevarutvalet er i denne samanheng

definert som arbeidsgjevar-representantane i administrasjonsutvalet. Enkle forundersøkingar kan gjerast av arbeidsgjevarutvalet eller ordførar for å avklare omfang og vidare prosess. Arbeidsgjevarutvalet kan avslutte saker som er ugrunna eller avgrensa, og avgjere tiltak og vidare oppfølging. Saka vert slutthandsama av formannskapet dersom eit medlem ber om det.

Til:

Når eit varsel gjeld kommunedirektøren, skal det behandlast av politisk nivå med støtte frå ekstern juridisk rådgjevar. Varsling kan då rettast til ordførar eller det politiske arbeidsgjevarutvalet, som fungerer som kommunens varslingsmottak for slike saker. Det politiske arbeidsgjevarutvalet er i denne samanheng definert som arbeidsgjevar-representantane i administrasjonsutvalet. Arbeidsgjevarutvalet handsamar varselet og skal støtte seg på ekstern juridisk kompetanse for å avklare omfang og prosess. Med grunnlag i den eksterne rådgjevinga kan arbeidsgjevarutvalet avslutte saker som er ugrunna eller avgrensa, og avgjere tiltak og vidare oppfølging. Saka vert slutthandsama av formannskapet dersom eit medlem ber om det.

Administrasjonsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke med endringsframlegget frå ordførar på pkt. 7.

FSK - 107/26 vedtak

1. Kommunestyret vedtek "Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold", slik dei er lagde fram i vedlegg 1 datert 5.5.2026.

Endring pkt. 7 frå:

Når eit varsel gjeld kommunedirektøren, skal det behandlast av politisk nivå. Varsling kan då rettast til ordførar eller det politiske arbeidsgjevarutvalet, som fungerer som kommunens varslingsmottak for slike saker. Det politiske arbeidsgjevarutvalet er i denne samanheng definert som arbeidsgjevar-representantane i administrasjonsutvalet. Enkle forundersøkingar kan gjerast av arbeidsgjevarutvalet eller ordførar for å avklare omfang og vidare prosess. Arbeidsgjevarutvalet kan avslutte saker som er ugrunna eller avgrensa, og avgjere tiltak og vidare oppfølging. Saka vert slutthandsama av formannskapet dersom eit medlem ber om det.

Til:

Når eit varsel gjeld kommunedirektøren, skal det behandlast av politisk nivå med støtte frå ekstern juridisk rådgjevar. Varsling kan då rettast til ordførar eller det politiske arbeidsgjevarutvalet, som fungerer som kommunens varslingsmottak for slike saker. Det politiske arbeidsgjevarutvalet er i denne samanheng definert som arbeidsgjevar-representantane i administrasjonsutvalet. Arbeidsgjevarutvalet handsamar varselet og skal støtte seg på ekstern juridisk kompetanse for å avklare omfang og prosess. Med grunnlag i den eksterne rådgjevinga kan arbeidsgjevarutvalet avslutte saker som er ugrunna eller avgrensa, og avgjere tiltak og vidare oppfølging.

Saka vert slutthandsama av formannskapet dersom eit medlem ber om det.

2. Retningslinjene trer i kraft straks og erstattar tidlegare rutinar.

3. Retningslinjene skal gjerast lett tilgjengelege på kommunen sitt intranett og i kvalitetssystemet.

108/26 Veteranplan for Sognaregionen

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 108/26 vedtak

Luster kommunestyre vedtek veteranplanen for Sognaregionen.

109/26 Kommunesamarbeid

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Ordførar informerte om at det er møte i Sognarådet måndag 15. juni.

Kommunedirektør informerte om at det etter sommaren kjem politisk sak om eigarskap Sogn Næring og sak om reiseliv og støtte til Visit Sognefjord.

FSK - 109/26 vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

110/26 Administrative orienteringar

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

- Integreringsarbeidet i Luster kommune, sjå vedlagde presentasjon.
- Forskrift om skulekrins ligg ute på høyring. Det er kome innspel frå Kroken grendalag om endra krinsgrense i Kroken slik at heile Kroken blir tilhøyrande Skjolden oppvekstsenter. Høyringsfrist blir forlenga og saka kjem til politisk handsaming etter sommaren.
- Kommunedirektøren orienterte om innsynssak, jf. vedlagde dokument.
- Statleg sikring, tilskot frå Miljødirektoratet til tiltak i Hotla.
- Dialogmøte med Statsforvaltar om KPA neste veke. 10 dialogpunkt.
- Økonomi, finansområdet, utviklingsarbeid, sjå vedlagde presentasjon.

FSK - 110/26 vedtak

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

111/26 Politiske drøftingar og open post

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Ordførar og varaordførar orienterte frå årsmøte/generalforsamlingar:

- Luster Energi
- Sognekraft
- ViteMeir
- Simas
- Sogn Brann og Redning
- SF Holding skal ha generalforsamling fredag 12.6.

Open post:

- Spørsmål om reglement for utleige av kommunale bygg i feriar, er det høve til å gjennomføre skjønn i prisfastsetting?
- Drøfting kring regjeringa sitt framlegg om å ta datasenter ut av definisjon av alminneleg forsyning i konsesjonskraftordninga. Oppmoding om å arbeide opp mot eigne parti.
- Spørsmål kring sakshandsamingsgebyr for byggeløyve pumptrack i Botn. Formannskapet oppmoda om at saka vert vurdert opp mot tidlegare saker.
- Formannskapet sitt møte den 26. august kolliderer med landsmøte i LVK. Det vil bli sendt ut ny møtedato for formannskapet.

FSK - 111/26 vedtak

Administrasjonen vurderer innspela som kom fram i møtet.

112/26 Referatsaker

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til dei framlagde referatsakene.

FSK - 112/26 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.

113/26 Delegerte saker

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til dei delegerte sakene.

FSK - 113/26 vedtak

Delegert saker vert tekne til orientering.

114/26 Finansstrategi for Luster kommune

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Møtet vart lukka under handsaming av saka, med heimel i kommunelova § 11-5, jf. forvaltningslova §13 1. ledd nr. 2, forretningsmessige tilhøve. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FSK - 114/26 vedtak

Formannskapet tek kommunedirektøren sin orientering til vitande.

115/26 FV 55 vidare strategi - utbetringstiltak

Formannskapet 10.06.2026

Handsaming

Ordførar si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 115/26 vedtak

1. Luster kommune søker Vestland Fylkeskommune om samfinansiering av vegtiltak på FV55 mellom Gaupne og Fortun. Ein syner til vedlagt oversikt over kartlagde punkt for utbetringar.
2. Fylkeskommunen har i regional transportplan omtalt posten samfinansiering slik: «Samfinansiering er eit verktøy for få realisert fleire fylkesvegprosjekt i samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar, private verksemder eller staten. For å bli vurdert bør tiltaket gi betre trafikktryggleik, betre framkome, vera tiltak for mjuke trafikantar eller kollektivtiltak. Midlane skal nyttast til mindre prosjekt der andre går inn med bidrag.
3. Ein syner til likande prosjekt i andre kommunar i fylket og ber kommunedirektør gå i dialog med fylkeskommunen med sikte på raskt å kome i gang med planlegging, prioritering og igangsetting.
4. Luster kommune løyver inntil 15 millionar kroner til arbeidet. Finansiering gjennom næringsfondet.